Vaksenopplæring

Vaksenopplæring omfattar **opplæring i norsk og samfunnskunnskap** for innvandrarar og flyktningar med rett til opplæring etter § 17 i introduksjonslova, og **grunnskuleopplæring for vaksne**, eventuelt realkompetansevurdering på grunnskuleområdet etter opplæringslova kap. 4A. Per 15. oktober 2021 var det 12 deltakarar på norskopplæring og 5 deltakarar på grunnskuleopplæring.

Frå hausten 2020 kjøper Giske kommune desse tenestene frå Hareid kommune.

Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap

IMDI (Innvandrings- og mangfoldsdirektoratet) betaler ut tilskot til norskopplæring. Kommunar med meir enn 4 personar med rett til norsk og samfunnskunnskap fekk i 2021 eit grunntilskot på 610.000 kroner.

I tillegg får kommunane utbetalt persontilskot etter fastlagde satsar i inntil 3 år.

Mottekne tilskot 2021	
Grunntilskot for 22 personar	610.000
Persontilskot for 12 personar	662.494
Ekstra tilskot pga. korona	
Samla tilskot 2021	1 272 494